

FISKARKONA OG DØTRENE HENNAR

1860 - 1960



*- eit 100 árig
Kvinneminnubúk*



FISKARKONA OG DØTRENE HENNAR

– EIT HUNDREÅRIG KVINNEMINNEALBUM

Kvinnehistorisk forteljeframsyning i ord og tonar.

*Kven hadde ho vist seg å
vere tru, skulptør
Tore Bjørn Skjølsvik si
fiskarkonestatue på
Vågsplassen i Fosnavåg,
om ho kunne tre ned av
sokkelen og fortelje oss om
livet sitt?*

Foto: FOA

Dette er det eksistensielle inngongsspørsmålet for forteljeframsyninga «Fiskarkona og døtrene hennar- eit hundreårig kvinneminnealbum», der tilhøyrarane får møte eit utval av dei tusenvis av kvinnene – og borna – som gjennom tidene har utgjort mottaksapparatet for foredlinga av havets grøde i Herøy – liksom langs heile norskekysten.

Gjennom ei samling minnefortejingar frå tidsromet 1860 til 1960 vil forteljar Guri Aasen og felespelar Andrine Longva Kopperstad gjennom ord og tonar bere til torgs både fiskarbonden og tenestetausa, budakokka

og kverkejenta, klippfiskkjerringa og hermetikkarbeiderska, som – ofte på hardt akkordarbeid – ikkje vørde stort at ryggen jamra og fingrane vart hovne og hudlause. Borna må sjølv sagt óg med, då dei til langt inn i vår tid møtte arbeidslivet i døra frå den dagen hendene var sterke nok til å ro ein færing, mjølke ei ku, bære ein klippfisk, skjære ei torsketunge eller trede eit haud.

Fram til i dag har det vore dokumentert heller lite om desse arbeidsjarna sin innsats, og kunnskapen om den viktige rolla dei har hatt held såleis på å gå i gløymeboka.

Forteljeframsyninga har vekse fram frå skriftlege lokalhistoriske kjelder og gjennom samtalar med 30 kvinner og menn i alderen 48 – 104 år, alle med solid handlingsbåren kunnskap.

Sjølvom delar av forteljingane og persongalleriet er fri diktning frå manusforfattaren si side, byggjer innhaldet på minnebiletta som informantane så raust har delt av, og vil derfor vonaleg framstå som 100% truverdige.

Eit anna viktig historisk bakteppe er fotogafi av kvinner i fisketilverkinga, og eit lite knippe av motiva framstår som framsyninga si scenografiske rame.

MUSIKK OG LYRIKK I FRAMSYNINGA

Fritt frå «Virvelstevet» av Tom Reksjø
«Fiskarkona», dikt av Henrik Straumshheim
«Voggesong frå Sunnmøre», frå samlinga til Bernt Støylen
«Else frå Moltu», dikt av Anders Hovden [1902]
«I baat», frå Stafsetsamlinga
«Brudeslått», frå Stafsetsamlinga
«Budakokka», dikt etter Edel Willumsen
«Ro ro rikke», trad. barnesong etter Roar Rasmus Aasen (far til Guri)
Folketone frå Sykkylven etter Marie Eidem
«Silda», av Torbjørn Egner/ Maisen Meyer
«Ut å søke teneste» trad. songleik
«Helsing til Herøy» av Arthur (Bassar) Frantzen

SCENOGRAFIEN

1860: «Fiskarkona» av Tore Bjørn Skjølsvik/
Ukjent portrett
1913: Sildesalting i Fosnavåg 1913 / Rasmine J. Flåvær (1865 – 1939)/ Prospektkort frå Marianna Flusund til Rasofiel Hatløy (ca.1914)
1925: Ukjent barneportrett/ Fiskearbeidarar i Straumen ca. 1910
1930 – 1960: Dei store sildeåra/ Hermetikk-arbeidarar ved Moltu Canning/Klippfiskkjerringar i Fosnavåg/ Tjodun Huldal sin lønningspose frå Moltustranda sildemjølfabrikk

MUNNLEGE KJELDER

Bjarne Eggesbø, Hjørdis Brathaug, Norvald Brekke, Solbjørg Brekke, Sølvi Janny Djupvik, Ingrid Frantzen, Anna Flusund Furø, Knut Asle Goskøyr, Margot Goksøyr, Håvard Hatløy, Tjodun Huldal, Ingrid Runde Huus, Kjellaug Håkonsholm, Måfrid Kalland, Else Lid, Harald Lied, Elsie Måløy, Gerd Oddny Måløy, Jan Nærø Lars Nærø, Olaug Pareljussen, Per Odd Paulsen, Oddny Rabben (90 år), Osvald Reite (90 år), Anne Runde, Karoline Runde, Inga Slenes, Alvild Storøy, Kjellaug Storøy, Ida Teige (104 år), Robert Voldnes, Jan Ove Aarvik

SKRIFTLEGE KJELDER

Bjarne Rabben: Herøyboka / Folk ved havet / Jubileumsbok for Herøy Canning
Åsa Elstad: Kystkvinner i Norge
Inger T. Hjelmervik: Kjerringkavet – Fiskarkvinner i Sogn og Fjordane fortel
Elias B. Reite: Daglegliv i Goksøyra (Folk og fortid)
Marit Pauline Kvalsvik: Om Flåvær - og ei tenestetaus utanom det vanlege (Folk og fortid)
Oddbjørg Remøy: Notat om Ingeborg Runde
Harald Thorseth: Fosnavåg før i tida
Richard Bergh: Ut mot havet i nordvest – folk frå Hareidlandet og Herøy fortel
Marcus Johannessen: Klippfisk på gamlemåten

FILMAR

Ut mot havet / Herøyfilmen 1954 / Vintersild-fisket 1956 / Skårungen som vart industri-pioner – Gerhard Voldnes / Maritime kvinner

UTLÅN FOTO

Herøy Kystlag / Herøy Sogelag / Alfheid Berge
Remøy / Per Husholm /Håvard Hatløy

SAMARBEIDSPARTAR

Herøy kommune: Prosjekt Herøyløftet
Sparebank 1 – Søre Sunnmøre: Prosjektmidlar

Manus/ regi/ forteljar: Guri Aasen
Musikkansvar/ fele: Andrine Longva Kopperstad
Kostyme: Hege Sørdal kreeringsverkstad
Scenografi: Cann AS v/Anne- Ma Solheim

Krav til spele plass:
3 x 3 meter golv plass

Ta kontakt for pristilbod.

Kontaktinformasjon:
FORTELJERIET
Vestafor Måne



Guri Aasen
Tollåsbakken 1
6090 Fosnavåg
tlf: 936 06 715
guri-aas@online.no

Foto: FØA